



Byglandsnytt nr.37 – september 2022

Informasjon frå Bygland kommune

Bygland kommune, Sentrum 18, 4745 Bygland tlf. 37934700, post@bygland.kommune.no
Neste utgåve: 30. september 2022. Send tips innan 28.09. – www.bygland.kommune.no

➔ **S. 3-6: Utstilling av gullfunnet i Bygland 1833 og europeisk Kulturminnevernkonferanse i Bygland, 3. september 2022**



Opningstider Bygland kommunehus

- **Sentralbord/Publikumsmottaket:** tlf. 37 93 47 00 mån-fre kl. 10.00-14.00
- **NAV:** tlf. 55 55 33 33 - mån-fre kl. 08.00-15.00
- **Rettleiingssenter i Bygland:** drop-in på torsdagane kl. 12.00-14.00

Evje og Bygland legesenter tlf. 37 40 79 00 - Legevakt tlf. 116 117

Bygland legekontor

Evje legekontor

Sentrum 18, 4745 Bygland

Ljosheimvegen 5, 4735 Evje

	Bygland	Evje
måndag	08.00 – 15.00	08.00 – 15.00
tysdag	stengt	08.00 – 15.00
onsdag	stengt	08.00 – 15.00
torsdag	08.00 – 15.00	08.00 – 15.00
fredag	08.00 – 15.00	08.00 – 15.00

! Legekantoret på Bygland er stengt 02. og 05.09. grunna kurs og ferieavvikling !

EVJE OG BYGLAND LEGESENTER: tlf. 37 40 79 00

telefontider måndag – fredag 08.30 – 11.30 og 13.00 – 15.00

Folkebiblioteket i Bygland tlf.

	Bygland	Byglandsfjord
måndag	11.30 – 15.00	16.30 – 19.00
tysdag	16.00 – 18.00	10.00 – 14.15
torsdag	13.00 – 17.00	

Politiske møte, sakspapir og protokollar

www.bygland.kommune.no/innsyn

- **Rådet for eldre og funksjonshemma:** 05.09. kl. 12.00
- **Bygland Ungdomsråd:** 05.09. kl. 15.30
- **Plan, miljø og ressursutvalet:** 06.09. kl. 12.00
- **Styringsgruppa for kommunplanen sin arealdel:** 06.09. kl. 12.00
- **Levekårsutvalet:** 19.09. kl. 18.30

Kunngjeringar

Ingen nye kunngjeringar for tida.

Bygland kommune sine aktuelle kunngjeringar finn du her:
www.bygland.kommune.no/kunngjeringar.522076.nn.html

Ledige stillingar

Leiar samfunnsutvikling/assisterande kommunedirektør, Bygland kommune

Søknadsfrist: 11.09.2022

Webcruiter #4553164661

Har du lyst til å vere med å gjere ei endring? Søk då denne spennande leiarstillinga!

Vi søker ein strukturert og dynamisk leiar som er glad i menneske. Du vil få ei viktig rolle i å binde organisasjonen saman. Bygland kommune jobbar målretta mot å bli ein open og inkluderande kommune som samhandlar godt både internt og med brukarar og innbyggjarar. Vi er ein liten organisasjon med tett kontakt mellom nivåa der avgjerdene blir tatt, og du får store moglegheiter til å vere med å påverke retninga på vegen vidare i kommunen.

Kontaktinformasjon:

John Salve Sigridnes, Kommunedirektør, tlf. 99094663

Støttekontakt/fritidskontakt

Vi søker etter fritidskontakt/treningsvenn til to ungdomar tre timar i veka.

I tillegg har vi behov for støttekontakt til vaksen dame tre timar i veka. Det er ønskeleg frå brukar sjølv at det er ein kvinneleg støttekontakt.

Løn som assistent og utgiftsdekking. Den som blir tilsett må legge fram ny politiattest.



For meir informasjon kan du kontakte tenesteleiar Helse, Kjersti Plathe på tlf. 952 15 572 eller e-post kjersti.plathe@bygland.kommune.no

Informasjon om ledige stillingar i Bygland kommune finn du på heimesida www.bygland.kommune.no under menupunkt **Ledige stillingar**

Anna frå Bygland kommune

Utstilling av gullfunnet i Bygland 1833 og europeisk

Kulturminnevernkonferanse i Bygland, 3. september 2022



**GULLFUNNET I BYGLAND
1833**

UTSTILLING
i Byglandstunet.
Opnar 3. september 2022 kl. 11.00

Norsk bidrag til
Europeiske
Kulturminnedagar
2022



Kulturminne-
konferanse
3. september
kl. 13.00.
Bygland
kulturscene

Opningstider:
Torsdagar–sundagar kl. 12.00-18.00
Utstillinga varar til 1. oktober 2022

Arrangør Bygland kommune

Som vi veit er Bygland rik på kulturminne. Hanehaug og andre gravfelt er velkjende minnesmerke i kommunen. Eit kulturminne av særskild verdi er gullfunnet som vart gjort i stranda på Nese i Bygland i 1833. Dette er mindre kjent for dei fleste av oss.

Funnet var gjort av nokre gjetargutar som var ute med buskapen nordom frå garden på beitemarka som seinare vart sett under vatn då fjorden vart oppdemt ved århundreskiftet. I strandkanten på Gullsand ved Stemsbekk

fann dei ein skinnpose i sanden. Han viste seg å innehalde ei stor samling gullgjenstandar.

Gutane tok posen med heim, og bøndene på Nese kontakta lensmann Løvdal og sokneprest Münster i Bygland. Desse embetsmennene utforma så ei detaljert gjenstandsliste og sende gullfunnet til Finansdepartementet, saman med gjenstandslista. Derfrå vart gullfunnet overdrege til Universitetets Oldsaksamlingar, nå Kulturhistorisk Museum (KHM) i Oslo.

Funnet vert av arkeologane beteikna som eineståande i sitt slag i Noreg. Gjenstandane frå funnet i Bygland er frå ei tid etter Romerrikets fall. Frå om lag 400 år e. Kr. kom mykje gull nordover til dei germanske landa. Dette vart ofte smelta om til bruk i deira handel og med deira biletmotiv og mønster, slik det hende med gjenstandene i gullfunnet. Det består av 33 gjenstandar av gull, bland anna betalingsringar med verdi frå 1 til 3 ringar, ei rad gullperler og gullsmykke med inngravingar av nordiske mønster frå den tida.

Den samla vekt på gullgjenstandane var på ca ein kvart kilo, og det vart utbetalt 110 spesidaler 83 skilling sølv i finnarløn for funnet.

Gullsamlinga frå Bygland ligg i Magasinet i Kulturhistorisk Museum i Oslo, og har aldri nokon gong vore vist utanfor museet.

Bygland kommune tok hausten 2021 kontakt med Kulturhistorisk Museum med sikte på å undersøke om det ville vere mogleg å få gullskatten til utlån på utstilling i Bygland.

Det har sidan vore ein svært god og konstruktiv dialog med Kulturhistorisk Museum, som gav uttrykk for at dei gjerne ville vere med på å gjere kulturhistoria i Setesdal og Bygland meir kjend. Ei utstilling i Bygland av det unike gullfunnet kunne òg vere med på å syne verdien av det arbeid som Museet gjer for å take vare på vår felles kulturarv og historie.

På dette grunnlaget vart det i januar 2022 sendt søknad frå Bygland kommune om å få låne gullfunnet frå 1833 til utstilling i Bygland. Forslaget var at utstillinga kunne synast i Sentrumsbygget, i dei gamle banklokala, der det òg er eit stort bankkvelv som kunne romme montra med gullfunnet.

Det vart gjennomført ein sikkerhetsinspeksjon på Bygland frå Universitetet si side, og søknaden frå Bygland vart godkjent.

Opninga av utstillinga er sett til 3. september 2022 kl. 11.00 i Byglandstunet, Sentrumsbygget, Sentrum 16, 4745 Bygland. Utstillinga skal stå i ein månad. Opningsdatoen er vald avdi dette er opningsdagen for Dei europeiske kulturminnedagane i Noreg 2022. Det er Ass. dir. Karl Kallhovd ved Kulturhistorisk Museum som skal stå for den offisielle opninga.

Dei europeiske kulturminnedagane er eit årleg arrangement som vert halde i regi av Europarådet. Det er den største kulturmønstringa av tiltak for å styrke kulturminnevernet i Europa. Alle dei 47 medlemslanda i Europarådet melder inn sine arrangement og tiltak, og desse vert samla i ein eigen internettportal: europeanheritagedays.com. Dette er knytt saman med nasjonale portalar i alle medlemslanda. Det er ei svært omfattande eksponering av desse kulturarrangementa over heile Europa. Det er Kulturvernforbundet som koordinerer tiltaka i Noreg.

Vi har sett det slik at denne unike utstillinga i Bygland bør koblast saman med eit formidlingstiltak som kan sette funnet inn i eit historisk og europeisk perspektiv. Same dag som utstillinga vert opna er det difor ein Europeisk kulturminnekonferanse på Bygland Kulturscene, 3. september kl. 13.00 - 17.00.

Utstillinga og konferansen er meldt inn som norsk bidrag til Europarådets Europeiske Kulturminnedagar 2022

Stortingets 1. Visepresident Svein Harberg vil stå for den offisielle opninga av konferansen. Det blir deltakare frå Europarådet, Kulturvernforbundet og nasjonale og regionale institusjonar.

Vi er særleg glade for at sterke fagkrefter frå Kulturhistorisk Museum og Setesdalsmuseet vil delta på konferansen. Prof. Jan Henning Larsen vill m.a. har ein gjennomgang av dei arkeologiske utgravingane i Bygland, og fortelje om gullfunnet på Bygland i ei historisk ramme og kontakten mellom Bygland, Noreg og Europa. Arkeolog Ingvild Solberg Andreassen vil vise nærare original dokumentasjon om Gullfunnet i 1833, og dagleg leiar Leonhard Jansen ved Setesdalsmuseet vil tale om utviklinga i formidling av kulturminne i Setesdal.

Det blir og folkemusikkinnslag, med munnharpe og fele, stev og dans frå Setesdal. Desse tradisjonane er sett på Verdsarvlista til UNESCO. Det blir orienteringar om UNESCO-prosjektet ved formannen i Setesdal

Spelemannslag Gunnar D. Ose og song av elevgrupper ved lærar Guro Kvåle Skibsrud og Hege Jore Gakkestad frå Bygland oppvekstsenter.

Etter konferansen blir det avgang frå Bygland Brygge med D/S Bjoren til middag på konferansehotellet, Setesdal Hotell, ved Byglandsfjorden.

Utstillinga og Kulturminnekonferansen vil vere med på å styrke kunnskapen om heimstaden vår og om kulturarven og historia som vi deler. Det er viktige tiltak for å møte omskiftelege tider.

Opningstider: 1. september – 1. oktober torsdagar – sundagar kl. 12.00 – 18.00 i Sentrumstunet, Bygland

PLAKAT PROGRAM

Helse

4. dose av koronavaksine - drop-in vaksinerer for alle over 65 år

Følgjande datoar kan du bare møte opp for å få ny dose av koronavaksine. Tidspunkt kvar dag: kl. 10.00 - 15.00

- torsdag 1. september
- fredag 2. september
- torsdag 8. september
- fredag 9. september

Stad for vaksinerer er leilegheita på nordsida av Byglandsheimen. Du må rekne med noko ventetid om mange møter samstundes.

Det er fint om du tar med utfylt eigenerklærings skjema. Du kan og få skjema på plassen.

Frisklivstilbod i Setesdal: Alle kurs hausten 2022

- Sov godt - lær meir om søvn
- Høyrskurs (digital)
- Diabeteskurs (digital)



Sov godt - lær meir om søvn

Kurs for deg som har utfordringar med søvn.

Kurset er utarbeida av psykologar tilknytta helsedirektoratet. Kurset inneheld to samlingar og blir leia av lokale kurshaldarar frå Setesdal.

Tilbodet er ope for alle i alderen 16 år og oppover.

Mange opplever søvnevanskar. Ein kan ha vanskar med å sove om kvelden, vakne for tidleg om morgonen, sove uroleg og/eller vakne mange ganger gjennom natta.

Kurset er teoretisk, og passar for alle som opplever at søvnevanskar går utover kvardagen. Etter påmelding vil du få ein telefon fra ein av kursleiarane. Det gjer vi for å sikre oss at kurset passer til deg.

Tema som blir tatt opp:

- Søvn og søvnevanskar
- Avslapningsteknikkar
- Gode råd for betre søvn
- Søvndagbok
- Forestillingar om søvn

Samlingane inneheld både presentasjon av fakta og erfaringsutveksling. Det blir også ein individuell oppfølgingsamtale i etterkant av kurset.

Kor og når:

Evje, Aktivitetssenteret på Evjeheimen

19. oktober og 2. november 2022 kl. 18.00 – 20.00

Kurshaldarar:

- Mari Haugen Abusland, leiande helsesjukepleiar på helsestasjonen i Evje og Hornnes kommune
- Hege Haukom, avdelingsleiar på Evjeheimen

Påmelding: Frist: 12. oktober 2022

Meld deg på via elektronisk skjema som du finn på www.e-h.kommune.no/frisklivstilbod.536362.no.html, eller ta kontakt med Servicekontoret i Evje og Hornnes kommune - Tlf. 37 93 23 00

Høyrskurs



Foto: Evje og Hornnes kommune

Kurset passer for dei som vil lære om høyrsel, type høyrselnedsettingar med årsaker, forebygging og høyreapparat.

Kurset er digitalt og varar ca. 40 minuttar.

Lenke til kurs: <https://youtu.be/ONuYZ0aWX84>

Diabeteskurs

Kurset passer for dei som vil lære om sjukdommen, dei som har diabetes eller som er på grensa til å få diabetes.

Tema som blir tatt opp:

- Kva er diabetes?
- Forskjellen på diabetes type 1 og 2, diagnostisering, behandlingsmål og behandlingsprinsipp. Fokus i dette kurset blir på diabetes type 2, som er mest vanleg blant befolkninga.
- Kva påverker blodsukkeret og kva må eg passe på når eg har fått diabetes?

Tema som blir omtala er bl.a. fysisk aktivitet og mat, og kva ein må passe på for å redusere risiko for komplikasjonar.

Kurset er digitalt og varar ei time.

Lenke til kurs: <https://youtu.be/DeCAYESUmWk>

Drift og forvaltning

Melding om gravearbeid langs kommunale vegar i Åraksbø og til Haugetveit

Husstandane i Åraksbø og Haugetveit får framført fiber. I samband med dette vil det bli utført gravearbeid langs kommunale vegar.



Dette vil kunne medføre noko redusert framkome langs vegane i ulike situasjonar. Utgangspunktet er at vegane ikkje skal bli stengde, men at nokre gonger vil det kunne bli ventetid grunna maskiner og arbeidspersonar i vegen. Det føreligg godkjent varslingsplan for tiltaket jf. skiltføresegna.

Heile arbeidsperioden er forventa å vare i 2 månader, altså i månadsskifte oktober/november. Eventuelt spørsmål kan bli retta til tenesteleiar **Kjell Øyvind Berg (mob. 918 63 403)** eller driftsleiar **Fredrik Langfeldt (mob. 945 32 945)**

Tilskot ved produksjonssvikt i plante- og honningproduksjon - grovfôr med husdyr

Etter ein tørr sommar kan det bli aktuelt å søka om erstatning. Meld frå til kommunen om avlingsskade og skriv beitelogg!



Foto: Silje Lunden Gotehus, Statsforvalteren i Agder

Under følgjer generell informasjon om ordninga. For rettleiing om føring av søknadsskjema og beitelogg, sjå www.statsforvalteren.no/nb/agder/Landbruk-og-mat/Jordbruk.

Utrekning av avlingsskaden

For føretak som produserer grovfôr til eigne husdyr blir erstatninga rekna ut på grunnlag av fastsett normavling (for kommunen til søkar) per dekar.

Produserer søkar berre grovfôr for sal, blir erstatninga rekna ut som andre salsproduksjonar. Gjennomsnittsavlinga blir fastsett på grunnlag av salsdokumentasjon frå dei siste åra.

30 % eigenandel og avlinga i skadeåret blir trekt frå.

Sum erstatning blir reikna ut frå arealet til fortaket og gjeldande sats for veksten.

Avgrensingar

- ➔ Tilskot blir berre gitt når klimabetinga avlingstap er over 30 % av gjennomsnittsproduksjonen i vekstgruppa.
- ➔ Øvre grense er 750 000 kr pr vekstgruppe (unntak i 2020 og 2021).
- ➔ Den nedre grensa for utbetaling av erstatning er 5 000 kr samla utbetaling til føretaket.

Søknad og regelverk

Søknadsskjema og relevant regelverk er tilgjengeleg på nettsidene til Landbruksdirektoratet.

Søknadsfristen er 31. oktober.

Søknaden går til kommunen, som sjekkar opplysningane. Det er Statsforvaltaren som behandlar søknaden og fattar vedtak.

Verneområda i Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane (SVR) med ny nettside

Bygland kommune har store areal med natur innanfor eit av Noregs største verneområde.

Har du lyst til å læra meir om verneområde, villrein og råd om ferdsel, opplevingar og sjå filmar frå nokon av SVRs innfallsportar? Ta ein kikk på SVRs nye heimeside www.svr.no. Verneområdestyret for SVR har òg ei eiga heimeside for dei som er interessert i møtedokument, forskrifter, forvaltningsplanar og besøksstrategi: www.nasjonalparkstyre.no/svr/



Kultur

LITTERATURPRISEN til BIBLIOTEKET 2022

10 bøker er nominerte til Bibliotekets litteraturpris – ein heilt ny pris som frå og med 2022 vil bli delt ut årleg. No utfordrar vi deg som bokelskar og ivrig lesar:



Bilete: Bibliotekets litteraturpris

Kven fortener å bli den aller første prisvinnaren? Les dei nominerte bøkene og stem på dine tre favorittar saman med biblioteket ditt.

For meir informasjon og voting: www.biblioteketslitteraturpris.no

Oppvekst

Skuleår 2022/2023: Haustferie i veke 40 (3.-9. oktober) 😊

Tilkallingsvikarar ved Byglandsfjord- og Bygland oppvekstsenter

Oppvekstsentra i Bygland kommune treng fleire tilkallingsvikarar som kan steppe inn ved behov.



Vi trengt vikarar både ved skulane, i barnehagane og på SFO.

Det er ønskjeleg med utdanning som lærar, barnehagelærar eller fagarbeidar, men ufaglærte kan òg søkje.

For nærare informasjon, kan du ta kontakt med:

➔ **Bygland barnehage** - Sigrid Greibrokk:
sigrid.greibrokk@bygland.kommune.no

- ➔ **Byglandsfjord barnehage** - Siw Homme:
siw.homme@bygland.kommune.no
- ➔ **Bygland skule og SFO** - Lene Fjerdingsstad:
lene.fjerdingsstad@bygland.kommune.no
- ➔ **Byglandsfjord skule og SFO** - Hind Helene Harira:
hind.helene.harira@bygland.kommune.no

Kyrkjene i Bygland

Kyrjekontoret i Bygland

Bygland Kyrkjelege Fellesråd
Sentrum 18, 4745 BYGLAND

Kontakt

Sokneprest: Kjell Steinbru: 473 28 472
Kyrkjeverje: Olav Nilsen: 982 99 711

Prostidiakon: Per Emanuelsen: 977 19 173



Gudstenester (med atterhald)

- søndag 04.09, kl. 11.00, Sandnes kapell, Sandnes
- søndag 18.09, kl. 16.00, Årdal kyrkje, Grendi



*Bilete: Sandnes kapell.
Fotograf: S. Hegenscheidt*

Andaktar på Byglandsheimen i september

- tysdag 13.09. kl. 14.00
- tysdag 27.09. kl. 14.00

Konfirmantsamlingar på Vonheim bedehus, Bygland

- torsdag 1. september, kl. 14.45 – 15.45
- torsdag 29. september kl. 14.45 – 15.45
- laurdag 3. september kl. 09.30 – 17.30 «**Kick-off**»-samling på TrollAktiv, Evje, saman med Evje og Åseral konfirmantene

Trusopplæring

Har ikkje starta opp att for ny sesong.

Nettredaktør for heimesida

Malin Hegenscheidt fortsett som trusopplærar i Bygland. Ho assisterer også ved konfirmantsamlingane, Bygland Ungdomsklubb og i barnehagen. No legg ho også ut artiklar og stoff på kyrkjelyden si heimeside: bygland.kyrkelyd.no

Bilete: privat



Bygland Frivilligsentral/BUA Bygland

KONTAKT: Anne Fauske, Sentrum 18, 4745 Bygland.

tlf.: 945 10 770, e-post:

post@bygland.frivilligsentral.no

Info: bygland.frivilligsentral.no og på Facebook



Opne aktiviteter:

- **BUA Bygland (utstyrssentralen)**, bua.io, tlf. 94 50 28 58: utstyr til sport og fritid, utlån er gratis for medlemmer i BUA-ordningen
- **Utkøring av middag** to gonger i veka
- **Besøksven** for eldre

- **Bygdemiddag**: 6. og 20. september kl. 16.30 – 18.00 Bygland frivilligsentralen
- **Bingo**: 13. og 27. september kl. 18.00, Bygland frivilligsentralen
- **Open dag på Byglandsheimen**: onsdagar kl. 11.00 (**IKKJE 07.09.!**)
- **Styrketrening**: torsdagar kl. 13.00 – 14.30, Byglandshallen
- **Spite kafé (tidligere strikkekafé)**: 1. og 3. torsdag/månad kl. 18.00 – 20.00, Bygland frivilligsentral

Bygland Ungdomsklubb

KONTAKT:

Kim Andre Thorstensen, e-post:

kim.thorstensen@bygland.kommune.no



- **måndagar**: 5.-7. klasse, kl. 18.30 – 20.00, Byglandshallen
- **måndagar**: 6.-10. klasse, kl. 20.00-22.00, Byglandshallen
- **onsdagar**: 8. klasse – VGS, kl. 19.00 – 22.00, Byglandshallen
- **Fredagsklubb** i Årdalshallen, Byglandsfjord: 09.09., kl. 18.00 – 21.00
- **Laurdagsklubb** i Byglandshallen: 10.09. 19.00 – 23.00

Open hall: Laurdag 10.09. kl. 14.00 – 17.00, Byglandshallen



Kino på Bygland kulturscene: Bygdekinoen onsdag 7. sept.

kl. 17.30: Olsenbanden – siste skrik (6 år)

Oslo er ein moderne by, men Egon, Benny og Kjell er stadig på jakt etter det store kuppet som skal gjera dei til millionærar. No har Egon lagt den perfekte planen: dei skal bryta seg inn i det nye Munchmuseet i Bjørvika og stele «Skrik». Alt er «taima» og tilrettelagt, men det er òg andre som har fått kjennskap til planane og den lange armen til lova med Hermansen i spissen gjer det dei kan for å stoppa banden.

Billettpris: 110 kr

kl. 19.30: After ever happy (12 år)

After evar happy er den fjerde filmen i After-serien.

Etter sjokkerande avsløringar om familiane til Tessa og Hardin, oppdagar kjæresteparet at dei ikkje er så forskjellige likevel. Tessa er ikkje lenger den søte, uskyldige, flinke jenta ho var då ho møtte Hardin – like lite som han er den tøffe, humørsjuke badboy-en ho fall så hardt for.

Billettpris: 130 kr



Tømekalender for Bygland – september 2022

- **Papir og plast:** veke 36: tysdag 06.09.
- **Matavfall og glass/metall:** veke 36: torsdag 08.09.
- **Matavfall og restavfall:** veke 38: torsdag 22.09.

Nesmoen Gjenvinningsstasjon: kvar 2. onsdag i månaden kl. 14.00 – 18.00 (14.09.) og 4. laurdag i månaden kl. 10.00 - 13.00 (23.09.)

Syrtevit: Fri levering av sortert hushaldningsavfall tysdag kl. 08.00–14.30, torsdag kl. 08.00-19.00 og 2. laurdag i månaden kl. 10.00-13.00 (09.09.)

Setesdal Miljø og Gjenvinning IKS. e-post: post@smg-iks.no heimeside: www.smg-iks.no, tlf.: 37 93 17 00

Redaksjonsnotat - Byglandsnytt nr. 37:

Bilete: Framside: Åraksbø av Susanne Hegenscheidt.
Innhald (m. m. anna er spesifisert): Marit S. Kvaale,
pixabay.com, S. Hegenscheidt, Anne Fauske.



Red.notat: Valborg Attestog. Kva skjer: Geir Daasvatn. Takk til alle fotografar!

Redaksjon: Susanne Hegenscheidt. **Korrektur:** Mari Rygg.
Byglandsnytt oktober 2022 kjem: 30.09., skrivefrist 28.09.

Ymse

Bygland turistkontor på Stoga kulturkafé

Presteneset, Bygland:
ope etter behov, tlf.
907 81 105

Bilete: Olav Grendstad



Buglede Bygland:

1. Integreringskafé Ukraina/Bygland 28.08. på Stoga kulturkafé



«Integreringskafé gjennomført mellom byglendinger og ukrainere i kveld. En særdeles trivelig stund. Ukrainerne var i klart flertall, og hadde 100% oppmøte. Byglendingene var færre, men de som kom, bøy godt på seg sjøl.

Her gikk det i presentasjonsrunde av alle og quiz hvor det var 3 mixlag, med spørsmål på norsk, men hvor ukrainerne hadde svaret, og hvor Susanne H overbeviste med å kunne telle til 100 på ukrainsk (kanskje med

noe tvilsom uttale på noen tall kunne det virke, men dog), og sikra med det en klar seier til sitt lag.

Ellers gikk det i spørsmål og kommentarer om aktiviteter, gode fiskeplasser, muligheter for hesteridning, jobb, interesser, og en masse annet, også at mye av informasjonsstrømmen lokalt foregår her på FB, så ukrainerne blei invitert inn i den. De heiv seg også med i stige-golf, i vennskapelig kappestrid på plenen utafor.

Det er en usedvanlig trivelig og fornøyd gjeng med ukrainere vi har her i Bygland, noe som nok flyktningearbeider Gro Tove har en god del av æren for. Vi må arrangere noe tilsvarende igjen om ikke lenge.»


Vert, rapport og bilete: Olav Grendstad/Stoga AS

Sopptur (Ukraina/Bygland) 04. september kl. 13.00, fotballbanen på Bygland. Guide: Astrid Carlsen



Грибний тур з Астрід Карлсен і Сюзанною (Susanne Hegenscheidt) - неділя, 4 вересня о 13:00. Зустріч на футбольному полі в Bygland (між Bygland та Jordalsbø)
Ласкаво просимо!

Kong Hanes Eftf.: Korøving, onsdagar kl. 19.30, musikkrom på Bygland skule



Byglandsfjord barnekor: Korøving, måndag 12. og 26.09. kl. 17.00, Fredheim bedehus, Byglandsfjord

Bygland Hornmusikk: Musikkøving, tysdagar kl. 18.00 – 20.00, Bygland kulturscene

Bygland og Evje og Hornnes kulturskule: Kulturskuleåret har starta opp att. Kontakt: www.e-h.kommune.no/



Bygland Dramatiske Selskab: Teaterprøve, torsdagar kl. 19.00, Bygland kulturscene

Kulturenheten Evje og Hornnes kommune,

støttet av Bibliotekutvikling: Workshop for unge: **Dukketeater** (5.-7. klasse)

5. sept. - 17. okt. på måndagane kl. 17.00 – 18.30, Evje og Hornnes bibliotek. Instruktør: Hanneke van der Goes



Bibliotek på Byglandsfjord: Bokkafé

på biblioteket på Byglandsfjord, **tysdagar kl. 12.00 -14.00.**



Bygland Bygdekvinnelag: Kom og lag din egen vasskefir.

Måndag 26.09. kl. 19.00, Pakkbua på Byglandsfjord - Christine Sandland fortel om fermentering og ha med smaksprøver. Ta med eit 1l glass.



Bygland Jeger- og fiskarlag:

Leirduveskjøting for ungdom, onsdag 07.09. kl. 15.30 – 20.00 *For meir informasjon:* [facebook.com/byglandjfl](https://www.facebook.com/byglandjfl)



Bilete: Bygland Jeger- og fiskarlag

Bygland Skyttarlag: Skyting på riflebanen

ved R9, Bygland, kvar torsdag kl. 18.00. Skyting til storvilt prøve og trening.



Bilete: Bygland Skyttarlag

Bygland Vonheim: Kveldsmøte fredag 16.09. kl. 19.00

Gunnar Jeppestøl taler. Song: Karl Trostveit m/ vener. Arr. Elim Evje. Velkomen!



Bilete: Siri Johannessen

Setesdalsfolk og Setesdal Spelemannslag:

Dans deg glad! UngFolk i Setesdal laurdag

10.09. kl. 10.00 – 14.00

Å danse er grunnsteinen i folkemusikken! Den **10. september** inviterar vi til leik og dans for dei minste på Soknehuset på Rysstad. Her vert det lavterskel for å få ein smakebit på korleis ein kan danse seg glad med gode leiurar. Arrangementet er gratis!



Bilete: Setesdalfolk

Friluftslivets veke 3. – 11. september 2022



Bilete: Friluftslivets veke 2022

Vi feirar norsk natur og friluftsliv gjennom ei heil veke. Vi inviterer heile Noreg til å bli med ut på tur!

I Friluftslivets veke blir invitert alle i heile Noreg til å bli med ut i naturen. Over heile landet kan du delta på spennande friluftslivsaktivitetar i regi av lokale lag og foreiningar, organisasjonar, friluftsråd og kommunen der du bur.

Veka blir i gang sparka med at heile Noreg blir invitert til å sova ute under [#nattinaturen](#) laurdag 3. september.

Veka ved friluftslivet har som mål å få fleire ut i naturen, ha det gøy og skapa flest mogleg gode minne! Det er Norsk Friluftsliv og dei norske friluftslivsorganisasjonane som står bak.

Veka ved friluftslivet har vorte arrangert sidan 1993, og finn alltid stad frå første helg i september – kvart år. I 2021 vart det registrert over 1400 arrangement i aktivitetskalenderen for veke.

I 2022 er Friluftslivets veke ein del av Frivillighetens år.

Kva skjer i mitt nærrområde?

Besøk aktivitetskalenderen for Friluftslivets veke for å sjå kva arrangement som føregår der du bur!

Nærfriluftsliv: Vi ønsker at endå fleire skal få oppleva natur og friluftsliv – og bli kjent med utemulighetene der dei bur. Denne veke kan du prøva nye turmål eller aktivitetar saman med lokale lag og foreiningar. Det kan vera skog og fjellturar, sopp- og bærplukking, elvevandringar, naturstier, padleturer, klatring, speidertivoli, fugletitting, bålkos og pølsegrilling, felles overnatting i telt, turar til spennande historiske stader eller andre naturopplevingar.

<https://fuke.no/om-friluftslivetsuke/>

LAN-E ARRANGERE I OTRAHALLEL

NÅR

16-18.Sept 2022

ÅPNER FREDAG:

Kl 18-23

STENGER SØNDAG:

Kl 11:00

INFO:

Lan-E arrangerer lan for ungdommen mellom 8 klasse og 3 VGS i selve Otrahallen. Dette er et arrangement hvor ungdommen tar med datamaskinen eller konsoll for å spille med venner gjennom helgen. Det vil være vakter og kiosk hele døgnet.

Vi kommer til å arrangere konkurranser innen spill, kreativitet og allmenn fysiske aktiviteter.

Parker som vanlig og ta med utstyr inn porten i hallen, sett utstyr til siden og gå til registrering. **FORELDRE** må med å registrere deltakeren for å skrive under på oppholdet og at reglene er forstått for deltakelsen. Det opplyses også at det blir ikke overvåket hvilke spill ungdommen spiller.

Dette er selvfølgelig et rusfritt arrangement, og brudd på dette fører til bortvisning fra lokalet

Du kan finne mer informasjon på www.lanevje.no eller ta kontakt.

PÅMELDING:

Påmelding skjer gjennom våres hjemmeside www.lanevje.no

Her lager du en konto for deltakeren som brukes til å velge sitteplass.

**ARRANGEMENT
FOR 8KLASSE TIL 3
VGS.**

PRIS

100kr for ikke medlemmer.
Gratis for medlemmer.

KONTAKT INFO

Tlf 91648819

www.lanevje.no

Facebook: Lan-E

Epost: evjelan@gmail.com


HUSK Å TA MED:

- Alt av utstyr til din konsoll (Pc, ps4, xbox osv.)
- Liggerunderlag.
- Mat og annet godt.
- Strømkabler og strømpadde.



ÅPNING AV UTSTILLINGA OM GULLFUNNET I BYGLAND I 1833

Bygland, 3. september 2022



PROGRAM

Stad: Banklokalet i Sentrumsbygget, 4745 Bygland
Tid: 3. september 2022, Kl. 11:00
Åpent for alle

11:00 Innleiing ved Torgeir Moseid, leiar i Arbeidsgruppa for utstillinga

Velkomstale ved ordførar Sigbjørn Fossdal

11:10 Munnharpeslått etter Nere Nese, ved Sigurd Brokke

11:15 Offisiell åpning ved Ass.dir. Karl Kallhovd, Kulturhistorisk Museum

11:25 Rundgang for gjester og publikum på utstillinga ved arkeolog Ingvild Solberg Andreassen, KHM
Vertskap i lokala: Birgit Haugå Nordibø og Andres Helle Lett servering

Utstillinga er åpen til kl. 18:00

13:00 **Europeisk Kulturminnekonferanse**
Stad: Bygland kulturscene, Bygland Skule

Tema: Kontinuitet og tradisjonar:
Kunnskap og inspirasjon frå historia.

Intruduksjon til konferansen ved Norges tidl. ambassadør til Europarådet, Torbjørn Frøysnes

Velkomstale: Ordførar Sigbjørn Fossdal

13:10 Offisiell åpning ved 1. visepresident i Stortinget, Svein Harberg

13:20 «Sordølen», munnharpeslått frå Setesdal ved Vidar Frøysnes, Bygland

13:25 Irlands ambassadør til Noreg, Keith Mc Bean, Formannskapet i Europarådet 2022

13:35 Hovudtale/ Keynote speech: The European Heritage Days, a contribution to culture and heritage in Europe, Ms Alma Kaurate, Ministry of Culture of Latvia and Chair of the European Heritage Days (EHD), Council of Europe/ Europarådet.

13:50 Kulturminnedagane 2022, ved Lyder Marstrand, Kulturvernforbundet

14:00 Kulturformidlinga på Agder, ved fylkesvaraordførar Bjørn Ropstad, Agder fylkeskommune

14:15 Kaffipause

14:30 **Historiske Bygland i fagleg perspektiv:**
Ordstyrar: Konservator MNF Leonhard Jansen

- *Professor Emeritus Jan Henning Larsen:* Hanehaugen, gravene på Nese og jernaldersminnene fra Bygland
- *Arkeolog Ingvild Solberg Andreassen, KHM:* Historien om gullfunnet i Bygland 1833
- *Forsker Marie Dave Amundsen, PhD, Institutt for arkeologi, Universitetet i Oslo:* Glimrende gull: Det fantastiske Byglandsfunnet i europeisk perspektiv
- *Konservator MNF Leonhard Jansen, Setesdalsmuseet:* Arkeologi og kulturminne i Setesdal. Kunnskap og formidling i endring 1982-2022

Spørsmål og kommentarer frå salen

16:15 Kaffipause

16:30 Folkemusikkinnslag, stev og dans frå Setesdal Tradisjonsmusikk – «Skjoldmøyslaget» ved Gunnar Stubseid UNESCO-prosjektet, orientering ved leiar i Setesdal Spelemannslag Gunnar D. Ose. Elevgruppe ved lærar Guro Kvåle Skibsrud og Hege Jore Gakkestad, Bygland oppvekstsenter

16:50 Gullfunnet og kunnskapen om heimstaden ved redaktør Torgeir Moseid, Setesdal Sogelag

17:00 Avslutning ved Byglandsspelemennene Sven Jarle Åkhus og Gunnar Haugå

17:15 Forfriskninger ved Bygland Brygge, servering på Brygge og i Stoga

18:00 Avreise frå Bygland Brygge med den vedfyrte dampbåten frå 1866, D/S Bjoren. Kaptein Torgeir Moseid. Deltakarar: Foredragshaldarar, gjester og media

19:00 Ankomst Setesdal Hotel

19:30 Middag for innbedne gjester, Setesdal Hotel. Åpen restaurant, bordbestilling.

ARRANGØR: BYGLAND KOMMUNE



Gullstrand i Bygland. Foto: Geir Daasvatn

KVA SKJER I BYGLAND?

september 2022

(med atterhald om endringar)

DATO	ARRANGØR OG STAD	TID	ARRANGEMENT
torsdag 01.09. fredag 02.09.	Bygland kommune, Helse. Sted: Leilig- heit på nordsida Byglandsheimen	10.00- 15.00	4. dose koronavaksine for dei over 65 år
laurdag 03.09.	Bygland kommune, Sentrumsbygget, Byglandstunet	11.00- 13.00	Opning Utstilling om gullfunnet i Bygland 1833
		13.00- 17.00	Europæisk kulturminnekonferanse
sundag 04.09.	Sandnes kapell, Sandnes	11.00	Gudsteneste
onsdag 07.09	Bygdekinoen, Bygland kulturscene	17.30	Film1: Olsenbanden – siste skrik (6år)
		19.30	Film2: After ever happy (12 år)
torsdag 08.09. + fredag 09.09.	Bygland kommune, Helse. Sted: Leilig- heit på nordsida Byglandsheimen	10.00- 15.00	4. dose koronavaksine for dei over 65 år
laurdag 10.09.	Setesdalfolk / Setesdal Spele- mannslag, sokne- huset på Rysstad	10.00- 14.00	Dans deg glad! UngFolk i Setesdal (Folkedans for dei minste frå 4 år til 4. klasse)
fredag 16.09.	Elim Evje, sted: Vonheim	19.00	Kveldsmøte med Gunnar Jeppestøl
sundag 18.09.	Årdal kyrkje, Grendi	16.00	Gudsteneste